
Saknr: 2020/842-1
Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.01.2020

Fordeling av budsjettposten Stønad etter vedtak. Tilskotsordningar og retningslinjer

Forslag til vedtak:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtak at Vestland fylkeskommune gjennom budsjettposten «Stønad etter vedtak» lyser ut dei vedtekne 4 423 000 kr i form av tilskotsordningar til prosjekt og tiltak av regional verdi og med eit kunst- og kulturføremål.
2. Midlane vert fordelte mellom ei ordning for profesjonell kunst og ei ordning for frivillig kulturliv etter søknadsmengde og søknadssum.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv.
4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur

Samandrag

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har tidlegare støtta det frivillige og profesjonelle kulturlivet gjennom mellom anna tilskot til prosjekt og tiltak, samt tilskot til drift av organisasjonar og institusjonar. Fylkesdirektør rår til at ein vidarefører tilskotsordningar til prosjekt og tiltak med kunst- og kulturføremål i Vestland fylkeskommune.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Retningslinjer og innretting Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur
- 2 Retningslinjer og innretting Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR*, er styrande for kulturpolitikken i Vestland. Vestland fylkeskommune vil fremje eit sterkt, mangfaldig frivillig og profesjonelt kulturliv. Eit viktig verkemiddel for å nå måla i dei regionale planane er tilskotsmidlar til kulturfeltet.

Fylkestinget har sett av midlar i budsjettet for 2020 til tilskot til prosjekt og tiltak gjennom potten «Stønad etter vedtak» med 4 423 000 kr, jf. tabell 4.4.15 i Budsjett / økonomiplan 2020-2023.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har dei seinare åra lyst ut kulturmidlar som éi ordning, der ein har hatt høve til å søkje om to typar tilskot, til drift eller til prosjekt og tiltak. Både frivillige organisasjonar, profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar og kunstnarar i det frie feltet har hatt høve til å søkje om støtte frå kulturmidlane.

Hordaland fylkeskommune har dei seinare åra lyst ut tre tilskotsordningar til kulturprosjekt, ei for amatørkulturfeltet, ei for profesjonelle kunst- og kulturaktørar og ei til større kulturprosjekt. Frivillige og profesjonelle kulturorganisasjonar har i tillegg hatt høve til å søkje om tilskot til drift og til større utviklingsprosjekt gjennom Kulturelt utviklingsprogram.

Fylkesdirektør foreslår to tilskotsordningar til prosjekt og tiltak i Vestland fylkeskommune. Tilskotsordningane er beslekta, men rettar seg mot to søkjargrupper og har kvar sine sett retningslinjer. Bakgrunnen for dette er potensielt stor søknadsmengde og dels ulike føremål og vurderingskriterium for frivillig og profesjonelt kulturliv. Fylkesdirektøren meiner det likevel vil vere ein føremon med eitt søknadsskjema der ein kryssar av for om søkjaren representerer frivillig eller profesjonell organisasjon, då mykje av informasjonen og kriteria er like for dei to gruppene. Fylkesdirektøren ønskjer såleis å kunne sjå dei to ordningane under eitt gjennom sakshandsaminga.

Fylkesdirektøren ønskjer å halde summen som er sett av gjennom potten «Stønad etter vedtak» på 4 423 000 kr samla ved handsaming av søknadene innanfor dei to ordningane, for å kunne sjå behova før ein vedtek ein kronesum til kvar ordning. Dette for å hauste erfaring med tilskotsforvaltninga gjennom 2020, og kunne vere fleksibel utifrå behov. Fylkesdirektøren vil legge fram sak for hovudutvalet etter søknadshandsaminga våren og hausten 2020, der hovudutvalet gjer vedtak om tildeling av midlane.

Fylkesdirektør meiner kulturmidlane og ordningane under desse må evaluerast når første søknadsåret er omme.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Saka omhandlar ikkje tilhøve direkte knytt til klima.

Folkehelse: *Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:* Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektør foreslår at det blir etablert og lyst ut tilskotsordningar for prosjekt og tiltak med kunst- og kulturføremål. Ordningane rettar seg mot to søkjargrupper med to sett retningslinjer: *Tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv* og *Tilskot til prosjekt og tiltak – profesjonell kunst og kulturliv*.